




# INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

2/2025



Landbrukskontoret for Sel og Vågå  
Edvard Storms veg 2  
2680 VÅGÅ  
[postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no)



Tlf. 61 29 36 00

# LANDBRUKSFOND I SEL OG VÅGÅ

Det er avsett kr. 250 000,- til ei kommunal tilskotsordning for landbruket i både Sel og Vågå.

## **Tiltak:**

**3.1 Jordbrukstiltak:** Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg, nydyrking (berre i Sel), grøfting, støtte til mindre investeringar til utbetring/ ombygging av driftsbygningar som ikkje får støtte hjå Innovasjon Norge, ulike planleggingstiltak inkl geolog/geoteknikkar (berre i Sel), solcellestraum (berre i Sel), tilskot til tilrettelegging for naudstraumsaggregat (berre i Vågå).

**3.2 Skogbrukstiltak:** Ungskogpleie, nyanlegg/ombygging av skogsvegar, drift i bratt terreng.

**3.3 Diverse:** Tilskott til omdømmebygging.

Sjå heimesida til Vågå kommune: <https://www.vaga.kommune.no/tenester/naringsliv-og-landbruk/landbruk/tilskottsordningar-jordbruk/kommunalt-landbruksfond/>

Det er ingen søknadsfrist.

---

## GODKJENNING AV INNMARKSBEITE SOM SPREIEAREAL

Med ny gjødselvereforskrift kan enkelte gardbrukarar få for lite spreieareal til husdyrgjødsel. Det kan då vere aktuelt å søkje om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal. Utmarksbeite kan ikkje godkjennast som spreieareal.

Kommunen kan etter søknad godkjenne innmarksbeite som spreieareal. Arealet må fyrst vere godkjend som innmarksbeite i AR5 (gardskart). Det er, som ved spreieing av gjødsel på dyrka mark, krav om at det takast jordprøver og at aktuelt innmarksbeite omfattast av gardens gjødslingsplan.

Det kan ikkje tilførast gjødselvarer på jordbruksareal som ikkje vert hausta eller beita. Søkjaren må ha behov for auka grasproduksjon på beita ut i frå dyretal og arealgrunnlaget på bruket - det er ikkje tilstrekkeleg at søkjaren har behov for meir spreieareal. Godkjenning av bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite må kome som følgje av at det er fornuftig å gjødsle med husdyrgjødsel på arealet.

Ved vurderinga skal kommunen legge særleg vekt på kva verknad gjødsling kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på forsvarleg vis. Forekomst av truga artar, prioriterte artar, ansvarsartar, truga naturtypar, utvalde naturtypar eller nærleik til område med vernestatus vil vege tungt i vurderinga. Areal nærare enn 5 meter frå open grøft, bekk, vegkant, og myrområde skal kommunen ikkje

godkjenne som spreieareal. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal avstanden til vassdraget vere minimum 15 meter.

Søknadsskjema vil bli lagt ut på heimesida til Vågå kommune

---

## DRIVEPLIKT

Alt jordbruksareal skal drivast. Driveplikta gjeld for heile eigartida. Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive egedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd (*Jordlova § 8*). Dyrka jord må ikkje nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon, og ikkje disponerast slik at det ikkje er eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Driveplikt vil seie at det skal drivast "alminneleg" jordbruksproduksjon på areala. Det vil seie at areala normalt må haustast med nokolunde normal avling, og kultiverast årleg (t.d. gjødsling).

Dersom du ikkje vil drive jorda sjølv, kan driveplikta oppfyllast ved bortleige. Leigeavtala skal vere på 10 år om gongen, utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. Eigaren må sende kopi av avtala til kommunen.

Eigar kan søkje kommunen om fritak frå driveplikt. Kommunen kan sette vilkår for fritak frå driveplikt eller lemping av leigeavtale.

Fullldyrka og overflatedyrka jord skal normalt haustast årleg. Innmarksbeite haustast ved beite, minst ein avbeiting kvar sommar. Det er og anledning til å hauste fullldyrka jord ved beiting, men her er det forventa meir aktiv drift enn på innmarksbeite. Alle drøvtyggarar og hest er godkjend for oppfylling av driveplikta ved beiting. Talet på beitedyr og beiteperiode må stå i eit rimeleg forhold til det aktuelle arealet. På innmarksbeite med for lågt beitetrykk kan det vere aktuelt å bruke beitepussar for å unngå at arealet på sikt gror att.

Med virtuelle gjerde vil det vere enklare å beite av fullldyrka areal med mangelfulle gjerde. Det kan vere areal som er krevjande å haute maskinelt, t.d. bratte og dårleg arronderte areal.

Når kommunen vurderer om driveplikta er oppfylt, vert det gjort ei konkret vurdering av det einskilde tilfellet. Dersom jorda ikkje, eller berre blir mangelfullt hausta, og det byrjar å bli attgroing, kan dette vere eit teikn på at driveplikta ikkje er oppfylt.

Ved brot på driveplikta kan kommunen pålegge eigar:

- å leige bort jorda i minst 10 år
- å plante skog eller gjere andre tiltak av omsyn til kulturlandskapet
- tvangsgebyr

# NY VERNSKOGFORSKRIFT

Ny vernskogforskrift for Innlandet fylke vart vedteke 01.11.2025. *Formålet med forskrift om vernskog opp mot fjellet er å bidra til å sikre god forvaltning og ivaretaking av sårbare og klimatisk utsette skogområde, der feil skoghandsaming kan gje negative konsekvensar for skogproduksjon eller økologiske førehald.* Den nye forskrifta endrar ikkje eksisterande vernskogrensar i Sel eller Vågå.

Det er framleis mogleg å nytte flatehogst nedst i vernskogen, så framt skogen ikkje har god sjiktning etter alder og dimensjon og er lite klimatisk utsett. Maksimal flatestorleik er 30 dekar. Den nye vernskogforskrifta legg føringar på at det i større grad skal nyttast lukka hogstar i klimatisk utsette område, og elles der skogen er eigna for det.

Det skal takast omsyn til nåtidsforholdet på den enkelte eigedom ved vurdering av hogsttiltak, slik at det ikkje oppstår uheldige skogtilhøve eller flatestorleikar som følgje av seinare hogstar på naboeigedomar.

All hogst i vernskog, unnateke hogst av ved til eigen bruk, skal på førehand meldast til kommunen. Meldinga skal sendast minst 3 veker før hogsten skal starte. Kommunen kan setje vilkår for hogsten eller nekte hogst heilt eller delvis, dersom det er naudsynt av omsyn til vernskogen sin funksjon.

For spørsmål og rettleiing om drift, ta kontakt!

---

## Skogprosjekt Nord- og Midt-Gudbrandsdalen

Behovet for å organisere skogsbilvegnettet i kommunane er framleis stort. Ta kontakt for rettleiing og hjelp til å kome i gang med prosessen. Organisering kan mellom anna innebære å registrere føretak i Brønnøysundregisteret, andelsfordeling, opprustingsplanar m.m.

Å ha organiserte vegar vil gjere prosessen enklare for framtidig drift og vedlikehald, samt kravet om å ha skogsbilvegnettet i orden er enkelte stader ei flaskehals med tanke på drift og gjennomføring i skogen.

Kontaktperson: Hallvard Helland–(skogprosjekt Nord- og Midt-Gudbrandsdalen)  
tlf. 950 47 031

[Hallvard.helland@vaga.kommune.no](mailto:Hallvard.helland@vaga.kommune.no)

---

# SAMLING FOR NYE BØNDER PÅ HONNE 23.-24. JANUAR

Landbrukssamvirke Innlandet skal arrangere «Ny bonde»-samling» på Honne 23.–24. januar. Samlinga er en møteplass for nye bønder i Innlandet – med fagleg påfyll, inspirasjon og fellesskap!

Meir informasjon om samlinga og påmelding finn du på denne nettsida: [Ny bonde Innlandet - Norsk Landbrukssamvirke](#)

---

Landbrukskontoret ynskjer alle ei riktig god julehøgtid

Vi takkar samstundes alle for eit godt samarbeid i året som har gått



## Tilsette på kontoret:

Per-Ivar Weydahl, tlf 920 41 410,  
e-post: [piw@vaga.kommune.no](mailto:piw@vaga.kommune.no)

Kjersti Reksen, tlf. 947 99 432,  
e-post: [kjersti.reksen@vaga.kommune.no](mailto:kjersti.reksen@vaga.kommune.no)

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 957 96 218,  
e-post: [bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no](mailto:bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no)

Torje Bjørke, tlf. 416 74 644 (permisjon fram til 20.8.)  
e-post: [torje.bjorke@vaga.kommune.no](mailto:torje.bjorke@vaga.kommune.no)

Anna Bilstad, tlf. 900 84 102  
e-post: [anna.bilstad@vaga.kommune.no](mailto:anna.bilstad@vaga.kommune.no)

Jan Teigen, tlf. 994 51 073  
e-post: [jan.teigen@vaga.kommune.no](mailto:jan.teigen@vaga.kommune.no)

**Landbruksvikar Ivar Ulsand, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:**

Ola Løkken (Glommen Mjøsen), tlf. 971 94 015, e-post: [ol@glommen-mjosen.no](mailto:ol@glommen-mjosen.no)

Ola Jo Nørstegård (Glommen Mjøsen), 911 97 679, e-post: [ojn@glommen-mjosen.no](mailto:ojn@glommen-mjosen.no)

Hallvard Helland—(skogprosjekt Nord- og Midt-Gudbrandsdalen) tlf. 950 47 031  
[Hallvard.helland@vaga.kommune.no](mailto:Hallvard.helland@vaga.kommune.no)